

Til føresette

## **Særleg farleg eller vanskeleg skuleveg rett til fri skuleskyss, informasjon til foreldra**

*Oppfølging av vedteken Kommunedelplan – Trafikksikring 2017 - 2020  
Lindås kommunestyre vedtok i Kommunedelplanen – Trafikksikring 2017 - 2020 (TS-plan).*

*Som del av denne planen er det gjort ei vurdering av aktuelle skulevegar mindre enn 4km frå kvar skule. Til grunn ligg lovverket, tilrådingar frå Utdanningsdirektoratet, Trygg Trafikk og kommunale målsetjingar.*

*Resultata frå analysen var basert på fleire kriteria, mellom anna om det er fortau på strekninga, fartsgrensa, trafikkmengda (ÅDT), vegbreidd (over eller under 4 meter), sikt, veglys.*

*Planen klassifiserer vegane i tre kategoriar:*

**Kategori 1** vegar som er vurdert som særleg farleg eller vanskeleg skuleveg for elevar i grunnskulealder

**Kategori 2** vegar som er vurdert som trafikkfarleg, men ikkje slik at det vil gi rett til fri skuleskyss på objektivt grunnlag. Foreldre kan søkje om fri skyss, med grunngiving i barnet sine føresetnader (alder/modning/fungering/....)

**Kategori 3** vegar som er vurdert som mindre trafikkfarlege, og som til vanleg ikkje vil gi rett til fri skuleskyss.

*Alle elevar i grunnskulealder som har skuleveg langs Kategori 1, skal ha rett til fri skuleskyss ved søknad. Skuleskyss vert rekna til og frå skulen og gjeld ikkje born i SFO.*

*Kvart einskild barn si føresetnad for å meistre skulevegen er ikkje teke omsyn til i denne oversikta. Det er heller ikkje sett på særskilde vinterforhold. Det vil difor som før være høve til å søkje skyss på særskilt grunnlag og vinterskyss i kategori 2 og 3.*

*Dersom de meiner at dykkar barn etter dette kan ha rett til fri skuleskyss, må de sende søknad til Alver Kommune. Søknaden skal leverast til skulen, som igjen videresender til Alver kommune.*


Skodvin Skule  
Monica Thomassen Waage  
rektor

## SØKNAD OM SKULESKYSS - 2020/2021

Når det ligg føre kommunalt vedtak om **særleg farleg eller vanskeleg skuleveg**

Elev:  Fødselsnummer (11 siffer):  Adresse:  Postnr/stad:	<u>Søknaden gjeld:</u>  Busskort <input type="checkbox"/>  Drosje/minibuss <input type="checkbox"/>  Frå <u>ein</u> heim <input type="checkbox"/>  Frå begge foreldra <input type="checkbox"/>
<b>Søknaden returnerast til skulen!</b> <b>HUGS KLASSE i skuleåret 2020 – 2021!</b>	NB! Ved delt bustad må det leggjast ved dokumentasjon (50/50 el 40/60% deling)
Klasse:	NB! Ved delt bustad må det leggjast ved dokumentasjon (50/50 el 40/60% deling)
Vi søker herved om fri skuleskyss grunna:	
Særleg farleg skuleveg (kategori 1) <input type="checkbox"/>	
Farleg skuleveg/ eleven sine forutsetningar (Kategori 2 eller 3) <input type="checkbox"/> Grunnge (Alder/modning/fungering):	
Føresett 1:	Føresett 2:
Mobil:	Mobil:
Folkeregistrert adresse:	Folkeregistrert adresse:
Postnr og stad:	Postnr og stad:
Føresett 1 underskrift:	Føresett 2 underskrift:

## Oversikt over Kategori 1-veggar



Vegtype	Vegnr.	Gatenavn	Klassifisering	Kommentar
Fv	57	Lindåsvegen	1	Delar av strekninga
Fv	390	Vassbygdvegen	1	Del av strekning